



Jostein Hellestveit
Mongstadvegen 667
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1850 - 17/8520

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
04.04.2017

Gbnr 122/2 Hellestveit. Søknad om løyve til forbetring av eksisterande jordbruksareal.

Eigedom: Gnr.122 bnr.2 Hellestveit
Adresse for eiged.: Mongstadvegen 667, 5955 Lindås
Type tiltak: Forbetring av jordbruksareal, tilkøyring av masse
Heimelshavar: Jostein Hellestveit
Søker: Jostein Hellestveit

Saka gjeld:

Søker eig gbnr122/2. Dette er landbrukseigedom i full drift. Søker ynskjer å ta imot jordmassar frå anlegg på Mongstad for å fylle jorda på eit fulldyrka stykke. Det er mange år sidan denne jorda var dyrka/grøfta og fjell kjem opp i dagen og gøftene ligg for grunt. Dette skuldast jordsvinn. Landbrukskontoret har vore på synfaring, og er samd i at å fylle på jord er ei betre løysing enn å grøfte på nytt.

Planstatus/dispensasjon:

Gjeldande plan er kommunedelplanen for Lindåsneset og Mongstad. Tiltaket ligg i LNF område der viktigaste omsynet er landbruksinteressene.

Føresegnene pkt. 4.2 til planen krev reguleringsplan for massetak, jorddeponi og massedeponi.

Det er såleis naudsynt i sakshandsaminga å vurdere om dispensasjon er naudsynt, eller om tiltaket fell innunder landbruksomgrepet og såleis er i samsvar med planen. Då kan tiltaket handsamast etter forskrift om bakkeplanering.

Søknaden må handsamast i høve til kapittel 4 i forskrifta, eller i høve til plan- og bygningslova.

Nabovarsel:

Det er ikkje naudsynt med nabovarsel, då tiltaket berre grenser til eigen eigedom.

Dersom tiltaket vert godkjent må det gjerast avtale med Vegvesenet om løyve til å nytte RV57. Det må såleis takast kontakt med vegvesenet for å varsle dei om tiltaket og avklare omstenda.

Landbruksfagleg vurdering:



Om gnr.122 bnr.2:

Eigedommen har eit samla areal på 250da. Det er 77,4da fulldyrka jord og 5,2da overflatedyrka jord. Innmarksbeite er 117da.

Eigedommen er i full drift og eigaren har garden som eineyrke. Driftsforma er kjøtproduksjon på storfe og sau.

Det er gode driftsbygningar på eigedommen.

Arealet ein vil planere er om lag 15da. Arealet er fulldyrka jord og vert nytta til slått i dag. Søker skriv: «Årsaka til at arealet treng forbetring er at over tid har jorda vorte brukt opp. Det er ikkje lenger utløp frå grøftene. Arealet må oppattgrøftast, men kostnaden vil verte svært høg då det er naudsynt å sprengje om lag 150-200 meter kanal mot nabo for å få utløp. Arealet er og særskildt mange stader, med fjell som kjem opp i dagen.

Truleg er det difor best å fylle på ny jord.»

Når tiltaket er gjennomført vil areala vere meir produktive og vil halde som godt fulldyrka areal i nye 30 år.

Vurdering av tiltaket .

Dispensasjon:

Dispensasjon er berre naudsynt dersom ein finn at tiltaket ikkje er «tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd baser på garden sitt ressursgrunnlag.»

Ein må her vurdere om det er skilnad mellom tilkøyring av masse som ikkje har til føremål å endre tilhøva på staden, og tilkøyring av masse til eit deponi anten for uttak seinare, eller for å endre t.d. utmark til anna føremål som ikkje er i samsvar med gjeldande plan.

Det gjeld tilkøyring av lag 200000m³ jordmassar. Desse må lagrast på området i nokon tid medan arbeidet med å legge til rette for planering og dyrking går føre seg. Men sluttresultatet skal ikkje vere forskjellig frå tilhøva på staden slik dei er i dag. Einaste forskjellen er at terrenget vert heva med inntil 5 meter på nokre stadar. Snitthøgda på fyllinga vert ikkje over tre meter.

Området er i dag fulldyrka jord og vil vere det også etter at tiltaket er gjennomført. Bruken av området vert ikkje endra. Området i dag er eit «trau» i terrenget, og tiltaket går ut på å fylle opp trauet til eit nivå som ikkje er høgare enn kote 50.

På den bakgrunnen som er gjort synleg ovanfor, meiner landbruksavdelinga i kommunen at tiltaket fell inn under landbruksomgrepet og at tiltaket ikkje er i strid med føremålet i LNF området.

Det er såleis ikkje naudsynt med dispensasjon frå gjeldande plan.

Fyllinga er ikkje eit deponi, men tilkøyring av masse som i løpet av om lag 5 år skal gjerast om til fulldyrka jord, på den staden der massane vert plassert. Reguleringsplan er etter dette ikkje naudsynt.

Tiltaket vil etter dette verte vurdert i høve til reglane som gjeld for tiltak i LNF område. Det er reglane forskrift om bakkeplanering som skal gjelde for tiltaket.

Tiltaket er i største laget for at denne forskrifta kan nyttast. Når kommunen likevel rår til at tiltaket kan vurderast i høve til denne forskrifta skuldast det for det første at sjølv om påfylling av jord på nokre stader vert meir enn tre meter, vil snitthøgda på fyllinga etter at prosjektet er ferdig, vere under tre meter. Staden der det skal fyllast er ei grop. Fyllinga vil ikkje vere synleg frå andre stader i terrenget, slik at landskapet ikkje vert påverka. Arealet er alt dyrka. Tiltaket fører ikkje til endringar. Etter gjennomført tiltak vil området framleis vere fulldyrka jord.

Konklusjonen er at det ikkje er naudsynt med dispensasjon for å gjennomføre tiltaket. Det er heller ikkje naudsynt å handsame søknaden etter plan- og bygningslova.

Vilkår for gjennomføring:

Kulturminne: Det er ikkje kjende kulturminne på staden. Ikkje anna areal enn tidlegare dyrka mark vert råka av tiltaket. Dersom det likevel skulle dukke opp kulturminne i samband med gjennomføring av tiltaket, må arbeidet verte stoppa og staden nærare undersøkt før arbeidet kan halde fram. Dette gjeld og om det er dei tilkøyrtte massane som innheld funn av einskildgjenstandar som kjem frå staden der massane vert gavid av.

Naturmangfald: Det er ikkje kjende artar eller arealtpar som krev særskilt omsyn på staden der tiltaket skal gjennomførast. Avrenning frå feltet vil skje til eit stort unytta myrområde, som i gjeldande plan er sett av til industriføremål/næring. Området er såleis kartlagd, og det er ikkje funne artar og landskap som krev særskilt merksemd. Tiltakshavar har likevel ansvar for at arbeidet vert stogga dersom det dukkar opp særlege tilhøve knytt til naturmangfaldet, som krev handling.

Ureining: Frå dyrkamarka i dag er det utløp til ein bekk som renn på naboen og gjennom unytta myr omdisponert til industriføremål.

Medan tiltaket vert gjennomført og etterpå vil det vere avrenning frå areala på same måten som no. Det skal byggast ein vold av stein i ytterkant av feltet på grense mot nabo i søraust. Når tiltaket er ferdig vil drenering munne ut her.

Det er tiltakshavar sitt ansvar å sikre at jord og lausmassar ikkje renn frå feltet. Om naudsynt må det leggest ut gardin eller lense for å stoppe finpartiklar frå å renne mot Skåptjern.

Mellombels deponi må såast i, slik at det ikkje vert avrenning frå haugane medan dei venter på å verte nytta. Område som er ferdige, eller der det ikkje skal førast til ny jord på ein stund, bør og såast til.

Tilkjørt masse skal berre vere reine massar. Masse skal komme frå industriområda på Mongstad som skal byggast ut i dei næraste åra. Det må lagast til eit system for å dokumentere massane som vert kjørt til.

Ta vare på matjorda: Matjorda som ligg på feltet i dag, må gravast av og leggest til side. Like eins må topplaget frå tilkøyrte masse leggest for seg og botnlaget leggest nedst og tidlegare dyrka jord og topplaget frå tilkøyrte jord leggest på toppen når areala er ferdig.

Medan desse massane ligg og ventar på å bli lagt tilbake på feltet, bør dei såast til slik at det ikkje vert avrenning/erosjon.

Tryggleik og transport:

Søker må syte for trygg transport. Dersom interne vegar kan nyttast, er det søkar som er ansvarleg for at desse er sikra og merkt dersom dette er naudsynt.

Dersom transport må gå føre seg på offentleg veg, må transporten vere godkjend av vegstyresmaktene, og eventuell merking og sikring må vere i samsvar med dei krav som vegstyresmaktene stiller.

Anleggsområdet må vere sikra slik at ikkje ungar og andre uvedkommande kan komme inn på området.

Sjølve tiltaket.

Søklar kan sjølv stå som ansvarleg utførande.

I botnen av den nye jorda skal det først gravast av matjordlaget, deretter fyllast i med steinmassar og så leggest opp jord. Området skal drenerast systematisk og avlaup førast ut i kanten av fyllinga mot søraust. Utløpet frå grøftane må sikrast mot erosjon. Dette kan gjerast ved å steinsette ein bekke der vatnet renn. Eller derom utløpet av grøftene ikkje fell gjennom jord, men berre over steinfyllinga er det ikkje naudsynt med ekstreme sikring.

Tiltaket skal avsluttast ved at matjord og topplag frå tilkøyrtte massar vert lagt tilbake på plass.

Anleggsperioden bør vere så kort som mogeleg, og ikkje lenger enn dei fem åra som er skissert i søknaden. Dersom tiltakshavar ser at anlegget vil take lenger tid, eller premissane for tiltaket slik dei er skissert i søknaden, vert vesentleg endra, har tiltakshavar plikt til å ta kontakt med kommunen, for at ein skal vurdere om anleggstida kan forlengast, eller det må søkast på nytt.

Dersom kommunen under vegs får melding frå omverda om at føresenadane for å gje løyve ikkje vert overhalde, kan tiltaket stoppast og vidare gjennomføring takast opp til ny vurdering.

VEDTAK:

Med heimel i gjeldande kommunedelplan for Lindåsneset og Mongstad kapittel 5, gjev Lindås kommune løyve til å køyre til om lag 200000m³ jordmasse til eigedommen gnr.122 bnr.2, slik det er søkt om.

Massane skal nyttast til å forbetre eksisterande fulldyrka jord på eigedommen.

Tiltaket skal gjennomførast i trå med føresegnene i forskrift om begrensning av forurensning, sæleg kapittel 4 om bakkeplanering.

Tiltakshavar kan stå som ansvarleg for gjennomføringa.

Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 01.06.2022.

For tiltaket gjeld følgjande vilkår:

- Dersom det vert funne kulturminne under arbeidet, skal arbeidet stoppe til funnet er undersøkt, og løyve til vidare arbeid er gjeve.
- Dersom det dukkar opp særlege høve knytt til naturmangfald medan arbeidet går føre seg, skal arbeidet stoppe til funnet er undersøkt, og løyve til vidare arbeid er gjeve.
- Tiltakshavar er ansvarleg for at avrenning frå tiltaket ikkje kjem ut i bekkar og vatn. Dersom det vert naudsynt må det etablerast lense, gardin eller fangdam for å sikre at jord og lausmasse ikkje kjem på avveggar. Mellombels deponi skal såast i, og område som vert liggande i lenger tid utan aktivitet, skal like eins såast i.
- Tilkøyrtte massar skal vere reine. Tiltakshavar skal syte for dokumentasjon av massane og til ein kvar tid ha oversikt over kor massane kjem frå og kvar dei er deponert.
- Transport til og frå feltet skal gå føreseg på ein slik måte at mjuke trafikkantar og andre ikkje vert utsett for fare. Løyve til transport må hentast inn frå vegstyresmaktene, og tiltakshavar er ansvarleg for at naudsynte løyver er på plass.
- Dersom omfanget aukar eller tidsplanen ryk skal tiltakshavar vende seg til kommunen med ny søknad før arbeidet med tiltaket held fram. Om naudsynt kan kommunen krevje tiltaket stoppa og området regulert, før arbeidet kan halde fram.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak og tiltakshavar kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker. Vedtaket er sendt til overordna mynde som er Fylkesmannen i Hordaland, for at han skal vurdere om han vil klage over kommunen si avgjerd.

Vedtaket til kommunen er såleis ikkje gyldig før det er klart at fylkesmannen ikkje vil nytte seg av retten til klage. Fristen er tre veker.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Jostein Hellestveit

Postboks 7310 5020
Mongstadvegen 5955
667

BERGEN
LINDÅS